

IT-tryggleik på alvor



– Tryggleik på arbeidsplassen er meir enn tradisjonelt HMS-arbeid. Kva gjer vi for å unngå virus, eller direkte innbrot i dataparken vår? Heidi Grande Røys ønskjer eit felles nasjonalt løft der tryggleik på nettet står heilt sentralt.
(Foto: Vidar Alfarnes).

Ho er mest kjend som fornyingsminister, men til taburetten ligg også ansvaret for å vera Noreg sin eigen IT-sjef. Heidi Grande Røys (38) innser at ho har ein stor jobb å gjera for at du og eg, skulen, næringslivet og styresmaktene tenkjer tryggheit ved bruk av digitale medier og teknologi.

– Mange av oss er blitt så van med å bruka alskens digitale dubbedittar at vi mest ikkje tenkjer over kva informasjon vi gjev frå oss. Ofte kan det vera til dels private opplysningar som gjer at vi står lageleg til hogg om nokon skulle vera på nettet med alt anna ein heiderlege intensjonar, seier Grande Røys.

– Hovudregelen må vera at vi handterar sensitiv og privat informasjon likt på nettet, som det vi gjer i livet elles. Med ein stor grad av varsemd.

VIKTIGE FORELDRE

Den tidlegare barnehagestyraren frå Bremanger er svært oppteken av at foreldre ikkje må la seg skremme av at det i mange heimar er eit stor gap mellom dei IT-kunnskapane som dei vaksne har, kontra det ungane har fått på plass.

– På same måten som vi er i stand til å lære ungane våre at ein må sjå seg for i trafikken, ikkje krysse vegen på raudt, og absolutt ikkje setja seg inn i bilar med framande, må ein også ha eit vakse forhold til den aktiviteten som ungane held på med framfor PC-skjermen i kjellarstova.

– Kven chattar dei med, og kva informasjon og digitale spor legg dei att? Det er viktig at det store Internettet ikkje vert nokon fristad. At ein rett og slett skjønner kva køyrereglar som må gjelde. Då vil ein også få oppleve den virtuelle verda som særst positiv og utviklande, hevdar den førskuleleutdanna 38-åring-en. Statsråden er likevel krystallklar på at Internett er eit kjempesamfunn, og at ein ikkje må bli redd for å nytte eit så spennande og viktig medium.

WWW.MISIDE.NO

Det er ikkje lenge sidan IT-ministeren var vest i havet og forhandla seg fram til lån av nettadressa, miside.no. Fjell kommune var positiv, og med det er også nynorskadressa på plass i den store satsinga med å gje alle innbygarane i landet sin eigen inngang til det offentlege. Ein inngang

der kvar og ein får møte statlege etatar på nett.

– Her kan vi skifte fastlege og fylla ut likninga. I eit slikt opplegg er det avgjerande at ingen andre kan utgje seg for å vera deg. Difor har vi også starta dette prosjektet med at vi opna tryggheitsportalen no i desember. Vi driv i desse dagar aktiv tes-

ting opp mot resten av systemet. Forhåpentleg er det ikkje så lenge til vi lanserer prosjektet som forgjengaren min Morten A. Meyer, starta opp, seier SV-statsråden.

STILLE KRAV

– Akkurat som innbygarane våre må ha lov til å stille svært strenge krav til styresmaktene når det gjeld dei nye heimesidene, må det også vera lov å stille krav til dei som lagar programvarer. Om at programma må vera sikre og ikkje minst enkle å bruke. For er det noko vi ønskjer meir enn noko anna, så er det auka aktivitet innanfor IKT-feltet. For alle. Fordelane vi oppnår av å ta ny teknologi aktivt i bruk er innlysande. Poenget er berre at verdien vert endå større om ein også klarar å utvise god digital døme kraft, meiner Grande Røys.

MYKJE FORSKING

Det foregår i dag mykje forskning og utvikling kring IKT-tryggleik.

– Innføringa av elektronisk signatur er ein av berejklane for at vi i det heile kan få utbytte av å gje innbygarane våre ei privat heimeside. Styresmaktene må heile vegen ha forskrifter, reguleringar og lovverk i botn. Vi må også vera aktivt med i den offentleg debatten for å sjå til at alle får eit medvite forhold til IT-tryggleik. Lik eins må det ikkje berre vera IT-sjefane som har IT-ansvar i næringslivet. Det må kvila minst like tungt på toppleiinga. På same måte som vi sikrar oss mot fysisk innbrot med hjelp av låssystem, alarmer, vakter og uknuseleg glas, må vi også sørge for at uønska gjester heller ikkje kan ta seg inn til oss via nett og datamaskiner.

MAIL PÅ ALVOR

Diverse oppslag i media den siste tida, har med stor kraft synt at vi er overmodne for å etablere eit regelverk kring e-post.

– I dag har det vorte slik at i staden for å gå ut ei dør og inn ei anna med ei melding, bruker ein mail. No treng vi reglar for kven som kan lesa kva av andre sine e-postar, utan å ha spurd om samtykke. Kva er privat? Kva høyrer til i jobbsamheng? Datatilsynet har begge laga retningsliner og vegleiing for korleis ein skal gå fram, men her er enno mykje upløgd mark. I utgangspunktet må det vera ei målsetjing at eit lukka brev i innboksen, må ha same status som eit lukka brev i den vanlege postkassa, meiner Grande Røys. For tida samarbeidar departementet hennar med folka i Justis for å finna gode løysingar, og samstundes sjå på kor vidt ein treng lovendingar for å møte e-postproblematikken.

INNEBYGD FILTER

Med ein nasjonal strategiplan for informasjonssikring i botn, og ei rekkje spennande forskingsmiljø på området, håpar IT-ministeren at vi klarar å henga med i svingane.

– Teknologitvillinga går ufatteleg kjapt. Det som var nyskapande for to år sidan, er for dei ivrigaste allereie utgått på dato. Difor er det viktigare enn nokon gong at dei store private aktørane, samt styresmaktene, tek dette på alvor. Om ikkje vi skulle ta ansvar, kven skulle då gå i bresjen for å gjera livet litt vanskelegare for webpiratar og andre nettsabotørar? Vi har ikkje noko val. Men midt oppi alt dette er nok den aller største jobben å få den oppveksande slekta til å tenkja tryggheit på nett like naturleg som alt anna dei er opplærde til. Rett og slett lære dei opp til å ha eit «filter i hovudet». Slik at dei tenkjer seg om både ein, to og tre gonger når nokon ønskjer at dei skal gje frå seg informasjon som ingen andre strengt tatt har noko med.

” Vi må for alt i verda ikkje la oss skremme frå å utforske det store Internettet. Men det er avgjerande viktig at me tenkjer på konsekvensane av det vi gjer ute i cyberspace, meiner IT-minister Heidi Grande Røys.

